

Naturtap i stort tempo

Den 6. mai 2019 la det internasjonale (FN) naturpanelet (IPBES) fram rapporten om utviklinga i verdas naturmangfald. Rapporten er den mest omfattande som er laget om tap av natur og artar. 10 prosent av globale villmarksområder har vorte vekke på 20 år. Regnskogen krympar– nesten 20 prosent av Amazonas har vorte borte på 50 år. Den syner at tap av naturmangfald er omfattande og vil ha alvorlege konsekvensar for menneskje over heile verda. Over éin million artar er truga. Det er fleire enn på noko tidspunkt i historia til menneske. Øydelegginga av natur skjer overalt.

Det er derfor viktig å ha ein sterk miljøpolitikk på to felt samtidig: på nedbygging av natur, og på dei alvorlige, menneskeskapte klimaendringene. Ifølge FN-panelet har det gått så langt at det er umuleg å nå FN's bærekraftsmål og dei internasjonale Aichi-målene for naturmangfold innen 2020. Det kan være muleg å nå måla mot 2030, men det vil krevja gjennomgripande samfunnsendringer.

Naturtapet foregår i like stort tempo her i landet. I Norge har minst 114 artar vorte utrydda dei siste 200 årene. Kvar femte art i norsk natur står i større eller mindre fare for å dø ut om ein ikke gjer noko, ifølge den norske raudlista for truga artar. Storleiken på såkalte inngrepsfrie områder (INON) har krympa kraftig dei seinaste tiår.

Store delar av nedbygginga skjer stykkevis og delt, uten at nokon har overordna oversikt over verdiane som går tapt. Næringspolitikk, energipolitikk, samferdselspolitikk, kommunal planlegging, landbrukspolitikk og politikk for friluftsliv og rekreasjon er eksempler på politikkområder som påverkar naturen. Arealendringar trugar over 80 prosent av dei truga artane i Noreg. Difor er gjennomtenkt og langsiktig arealplanlegging avgjerande for at ikkje natur, artar og dyrket mark skal gå tapt.

I plan-og bygningslova står det at: «Regional planlegging har til formål å stimulere den fysiske, miljømessige, helsemessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklingen i en region»

I Nasjonal transportplan 2018–2029 står det at: «Regjeringen vil som del av samferdselspolitikken bidra til at de nasjonale målene for naturmangfold nås. Herunder:

- Sikre at ingen artar eller naturtyper utryddes som følge av etablering og drift av samferdselsanlegg
- Legge vekt på at nye samferdselsanlegg ikke planlegges gjennom eksisterende verneområder eller områder med nasjonale naturverdier

I regional planstrategi for Hordaland er målet at:

- Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande
- Hordaland skal ha ei klima- og miljøvenleg utvikling
- Herunder:
 - Den samla aktiviteten i Hordaland må ta omsyn til økologisk balanse regionalt og globalt og langsiktig forvaltning av ikkje fornybare ressursar.
 - Biologisk mangfald i fylket er stort og bør vernast om med grunngjeving ikkje berre ut ifrå økologisk synsvinkel, men også som ein opplevingsverdi og næringsverdi

Spørsmål til fylkesordføreren

- Kva vil fylkesordføreren gjera for at me skal kunne nå målsettinga som er beskreve i den regionale planen om biologisk mangfald?
- Arealendringar vert utpeikt som ein hovudårsak til tap av naturmangfold. På kva måte kan fylkeskommunen bidra til at ein heilskapleg vurdering og kunnskapsgrunnlag for konsekvensane av arealendringar på naturmangfald og miljø i Hordland, og framtidig Vestland?

Interpellasjon til fylkestinget 12.-13. juni 2019

- Korleis stiller fylkesordføraren seg til å ta initiativ til at Hordaland utarbeider eit arealregnskap som vil kunne gi ein slik oversikt over arealendringar, kartleggingsbehov, status for økologisk tilstand og naturmangfoldet i kommunene og for fylket som samla.
- I vårt fylke vil fleire store planlagte forslag til utbyggingar ha store konsekvensane for naturmangfald og miljø, både innan samferdsel og vindkraft. Kva vil fylkesordføraren gjera for at ikkje fleire artar skal gå tapt?

Forslag til vedtak

- Hordaland fylkeskommune skal få fortgang i arbeidet med å utvikle metodikk og felles grunnlag for hva som er «den samlede belastning» etter naturmangfoldloven § 10.
- Fylkestinget meiner det for Hordaland, og framtidig Vestland, er behov for å utarbeide eit arealregnskap som gir oversikt over arealendringar, kartleggingsbehov og status for økologisk tilstand, behov for restaurering og trender for naturmangfoldet i fylkets kommunar. Som regional planaktør skal fylkeskommunen vere ein viktig premissleverandør i dette arbeidet.

Marthe Hammer (SV)